

Helse og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

Sak nr: 08/1573-2

Sakshandsamar: Tonje Hovde Skjelbostad

Dir.tlf: 45 49 00 37

Dato:

01.09.2008

Høyring om forslag til forskrift om pasientskadelovas virkeområde og om tilskotsplikt for den som yter helsehjelp utanfor den offentlege helsetenesten

Det visast til høyringsbrev frå Helse og omsorgsdepartementet datert 02.07.08, vedrørande utkast til forskrift om pasientskadelovas virkeområde og om tilskotsplikt for den som yter helsehjelp utanfor den offentlege helsetenesten.

Forbrukarombudet skal ut frå omsynet til forbrukarane føre tilsyn med at dei næringsdrivande si marknadsføring og avtalevilkår er i samsvar med marknadsføringslova.

Forbrukarombudet ser det som positivt at pasientskadelova og skal gjelde for privat helseteneste og at Norsk Pasientskadeerstatning (NPE) skal ha ansvaret for å behandle krav og utbetale erstatning for pasientskader valda i privat helseteneste.

Forbrukarombudet har eit samarbeid med Norsk Plastisk kirurgisk forening og Norsk Forening for Estetisk Plastisk kirurgi om utarbeiding av ein pasientblankett for å regulere forbrukarar sitt vern ved bruk av kosmetisk kirurgi. Bakgrunnen for samarbeidet er ei auke i mengda personar som på eige initiativ oppsøker privat helsehjelp av estetiske grunnar, og behovet for vern det medfører. Eg ser det difor som svært positivt at pasientskader valda ved denne type helsehjelp, til dømes ved kosmetisk kirurgi, og vil bli omfatta av pasientskadelova og NPE sitt ansvar.

Med heimel i lov om alternativ behandling fører dessutan Forbrukarombudet eit særskilt tilsyn med marknadsføring av alternativ behandling, og merker seg difor dei reguleringar i forslaget som kan ha relevans for alternativ behandling.

Dersom det blir ytt privat helsehjelp ved alternativ behandling utført av autorisert helsepersonell, vil pasientskade valda ved slik helsehjelp og falle inn under virkeområdet i forskrifta. Eg ser det som gunstig med auka tryggleik for dei som i private verksemdar får utført alternativ behandling av autorisert helsepersonell.

Samtidig vil eg understreke at forslaget ikkje gir det pasient/forbrukarvern det er behov for når det gjeld forbrukarar som mottok alternativ behandling i privat verksemd av utøvarar som ikkje er autorisert helsepersonell, då eg forstår forslaget slik at denne gruppa ikkje vil vere omfatta.

Med vennleg helsing

Bjørn Erik Thon
Forbrukarombod